

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 31.05.16

Vår ref. 522/16/BSI/4.10

Dykkar ref.:

Fiskeridirektoratet region Sør  
Postboks 185, Sentrum  
5804 Bergen

Att: Kari Morvik

e-mail

## **SØKNADER FRA KOMMUNER I HORDALAND OG SOGN OG FJORDANE OM STATLIG TILSKUDD TIL INFRASTRUKTUR I FISKERIHAVNER**

Viser til Dykkar brev av 12.05.16 med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak. Mottatt 18.05.16.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til dei lokale fiskarlaga.

Det er søkt om tilskot til følgjande hamner, i Fiskeridirektoratet region Vest sitt område, i:

- Sogn og Fjordane: Saltskår, forlenging av kai og utdjuving (Solund)  
Barstadvika, kai (Vågsøy)
- Hordaland: Hellandsstraumen, utdjuving (Fitjar)  
Salthella, kaianlegg (Austevoll)  
Kobbekbukta, kaianlegg (Kvinnherad)

Fiskarlaget Vest finn ikkje å ville uttale seg om tiltaka i Sogn og Fjordane.

Når det tiltaka i Hordaland viser ein til følgjande uttale av 27.05.16 frå Kvinnherad og Hardanger Fiskarlag:

Vi i Kvinnherad og Hardanger fiskarlag meiner at Kobbekbukta bør prioriteres først.  
I Kvinnherad og Hardanger er det bare ei fiskerihamn.(Kobbekbukta) Denne hamna er pr dags dato ubrukelig for båter over ca 40 fot.


Det er i vårt område ei positiv utvikling med vekst både på fartøy og mannskapssida, og vi frykter at dersom Kobbekbukta ikkje blir oppgradert slik at hamna kan brukast til det den er meint å brukast til så vil det hemme og til slutt stoppe utviklinga.»

Som det går fram av uttala vil tiltaket vere svært viktig for den lokale flåten, men òg for framandflåten i området.

Når det gjeld tiltaket på Salthella får ein opplyst at forprosjektet inneheld tre stykk ålmenningsskaiar på rekke innafor moloen. Moloanlegget blei ferdigstilt i 2015. Austevoll kommune har fått tilsagn om tilskot til byggetrin I, to kaiar, i inneverande år, og søker no finansiering av den tredje kaien, byggetrinn II. Fiskarlaget Vest meiner at det er viktig å fullføre eit påbyrja prosjekt, slik at hamna er mest mogeleg tenleg for fiskeflåten, og servicenæringane som har tenkt å etablera seg på land i tilknytning til hamneaktiviteten.

Fiskarlaget Vest finn ikkje å kunne prioritere mellom prosjekta i Kvinnherad og Austevoll, då begge prosjekta er viktige for fiskerinæringa i regionen vår.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

  
Britt Sæle Instebo

Kopi pr. mail: Lokallaga  
Norges Fiskarlag  
Austevoll kommune  
Kvinnherad kommune